

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anita Bjørk Ruud
Arkivsaksnr.: 19/3755

Arkiv: 033 &15

Førebunde valmøte. Val av meddommarar til lagmannsretten, tingretten, jordskifteretten, skjønsmedlemer.

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i domstollova § 68 føresler formannskapet at følgjande blir valde til meddommarar, slik:

Lagmannsretten:
3 kvinner og 3 menn

Tingretten:
6 kvinner og 6 menn

Jordskifteretten:
4 kvinner og 4 menn

Skjønsmedlemer, forslag frå kommunen:
5 kvinner og 5 menn

Forslaget blir offentleg kunngjort og kandidatane blir tilskrivne.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: **Oversikt over kven som er valde i inneverande periode**
[Domstollova](#)

Uprenta vedlegg: Brev frå domstoladministrasjonen, Sogn og Fj. tingrett, Indre Sogn jordskifterett, Vestland fylkeskommune.

Samandrag: Kommunane skal velje meddommarar før 1. juli, og føreslå skjønnsmedlemer som fylkestinget vel. Formannskapet sitt framlegg skal ligge ute på høyring. Ev. fritakssøknader blir handsama av formannskapet før kommunestyret gjer endeleg val før sommarferien.

Utval som har vedtaksmynde: Formannskapet har mynde til førebuarde valmøte, domstollova § 68. Kommunestyret gjer endeleg val.

Fakta:

Kommunestyret skal velje nye meddommarar for fire år frå og med 1. januar 2021 til og med 31.12.2024. Valet av meddommar til tingretten, lagmannsretten og jordskifteretten må vere ferdig innan 1.juli 2020.

Kommunestyret føresler val av skjønnsmedlemer, fylkestinget vel.

Kommunestyret vel forlikråd, fylkesmannen føretekk oppnemning. Dette valet kjem som eiga sak seinare.

Luster skal velje:

Lagmannsretten: 3 kvinner og 3 menn

Tingretten: 6 kvinner og 6 menn

Jordskifteretten: 4 kvinner og 4 menn

Skjønnsmedlemer: 5 kvinner og 5 menn forslag frå kommunen.

Det er ynskjeleg at skjønnsmedlemer har kompetanse innan verdifastsetjing/ bruk og drift av fast eigedom/ plan- og regulering/ bygg og anlegg/ økonomi / digital kompetanse.

Kommunen skal føreslå 10 skjønnsmedlemer, det er 20 % fleire enn det fylkestinget vil velje.

Utvalet av meddommarar skal etter domstollova § 67 ha ei allsidig samansetning, slik at dei best mogleg representerer alle deler av befolkninga. Kommunen skal oppfordre ålmenta til å føreslå kandidatar. Kommunen har via heimesida og facebook etterspurt forslag på kandidatar, og har fått nokre tilbakemeldingar.

Domstoladministrasjonen skriv til kommunane at same person ikkje kan bli vald både til tingrett og lagmannsrett, men elles kan alle ulike kombinasjonar veljast. Til dømes kan same person vere meddommar både i tingretten og jordskifteretten. Vedkomande kan også vere skjønnsmedlem.

Etter domstollova §68 førebur formannskapet valet og avgjer søknader om fritak. Denne saka vert lagt fram som førebuarde møte. Formannskapet sitt forslag til val blir lagt ut til offentleg høyring i minst 2 veker og kandidatane blir tilskrivne. Ev søknader om fritak blir handsama av formannskapet før endeleg framlegg blir lagt fram for kommunestyret i vår.

Vedlagt følgjer oversikt over kven som er valde i inneverande periode, og kven som aktivt har meldt at dei tek attval eller ikkje.

I tillegg er det kome framlegg på Hans Kristian Sætha, Fortun som meddommar.

Domstollova § 70:

Den som velges, må ha tilstrekkelige norskkunnskaper, og for øvrig være personlig egnet til oppgaven.

I tillegg må vedkommende

1. være over 21 år og under 70 år, ved valgperiodens start,
2. ikke være fratømt stemmeretten i offentlige anliggender,
3. ikke være under offentlig gjeldsforhandling eller konkursbehandling eller i konkurskarantene,
4. stå innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen på valgdagen, og
5. være statsborger i Norge eller et annet nordisk land, eller ha stått innført i folkeregisteret som bosatt i riket de tre siste år før valgdagen.

§ 71. Utelukket fra valg på grunn av stilling er:

1. Stortingets representanter og vararepresentanter,
2. statsrådets medlemmer, statssekretærer, statsrådenes personlige politiske rådgivere og ansatte ved Statsministerens kontor,
3. fylkesmenn og assisterende fylkesmenn,
4. utnevnte og konstituerte dommere og ansatte ved domstolene,
5. ansatte ved påtalemyndigheten, i politiet og kriminalomsorgen og personer som er tildelt begrenset politimyndighet,
6. ansatte i Justisdepartementet, Politidirektoratet og Domstoladministrasjonen og dens styre,
7. ansatte og studenter ved Politihøgskolen og Fengselsskolen,
8. praktiserende advokater og advokatfullmektiger,
9. kommunens administrasjonssjef (medlemmene av kommunerådet i kommuner med et parlamentarisk styringssystem) og andre kommunale tjenestemenn som tar direkte del i forberedelsen eller gjennomføringen av valget.

§ 72. Utelukket fra valg på grunn av vandel er:

1. den som er idømt ubetinget fengselsstraff i mer enn ett år,
2. den som er idømt forvaring eller særreaksjoner etter straffeloven § 40 eller §§ 62 til 65,
3. den som er idømt ubetinget fengselsstraff i ett år eller mindre, og det ved valgperiodens start er mindre enn 15 år siden dommen var rettskraftig,
4. den som er idømt betinget fengselsstraff, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden dommen var rettskraftig,
5. den som er idømt eller har vedtatt bøtestraff for et forhold som etter loven kan medføre fengsel i mer enn ett år, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden dommen var rettskraftig eller vedtakelsen,
6. den som har fått betinget påtaleunntatelse eller domsutsettelse for et forhold som etter loven kan medføre fengsel i mer enn ett år, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden avgjørelsen var rettskraftig.

Kommunen skal kontrollere at ingen blir vald i strid med §§70-72 og kan innhente vandelsvurdering.

Vurdering:

Saka vert lagt fram utan tilråding på personval.

Dato: 15.04.20

Jarle Skartun
rådmann

Anita Bjørk Ruud
Leiar servicetorget

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: